



Studentrådet IE

Møteinnkalling Studentrådsmøte Informasjonsteknologi og elektroteknikk (IE)

Til: Studentrådet IE

Kopi: Sti, styrerepresentantar

Frå: FTV-ane

Dato: 14.11

Tid: 16:15-18:00

Sted: G108 gamle Elektro, Teams

På dette møtet vert det servert pizza. For at me skal vite kor mange som skal ha må alle svare på spørjeskjemaet her: <https://nettskjema.no/a/377717>

Saksliste:

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av møtereferat

OR-Sak 33/23 – Velkommen til nye og forkortinger

Dette er det siste studentrådsmøte haustsemesteret 2023, og difor inviterast dei nyvalde tillitsvalde til å delta for å sjå litt på gjennomgangen i eit typisk møte. Det vert ein runde rundt bordet der alle, både nye og gamle, får presentere:

- Namn
- Studie
- Instituttet dei er tillitsvalde på
- Favorittobjektet i leilegheita si

I tillegg tek me ein kort gjennomgang av typiske forkortinger man møter i studentrådet IE.

OR-sak 34/23 - Studentvalet H2023

Studentvalet 06.-09. November er nyleg gjennomført og resultata presenterast. Litt statistikk frå stemmeprosent og kva val som var demokratiske vert presentert. Gratulerer til alle saman for å ha skaffa kandidatar til samtlige val.

OR-sak 35/23 – Undersøking for studentansatte

FTV-ane har arbeidd for å få gjennomført ei undersøking for alle student-tilsette. Bakgrunnen er at arbeidsmiljøundersøkinga ARK ekskluderer tilsette med stillingsprosent under 40%, og dermed er det ingen kanalar for å samle datagrunnlag om student-tilsette sine arbeidsmiljø. Undersøkinga spør om kjennskap til lønsslipp og arbeidskontrakt, og spør om forhalda i sjølve arbeidet.

Fakultetet har stilt seg positivt bak dette, og HR har bidratt med støtte i utforminga av undersøkinga. Den kan forventast utsendt ila. November.

SR-Sak 36/23 – Rom i eksamenstida

I starten av semesteret undersøkte studentrådet problemstillingar knyta til areal. Då blei det framheva rom som står tomme under eksamensperioda som studentar gjerne skulle hatt tilgang til. Eksamensperioda nærmar seg med stormskritt og me FTV-ar ønskjer ei liste over rom som potensielt kan opnast under eksamensperioda som me kan framme for fakultetet. Spurnaden vår til dykk er difor;

- Kjenner dykk til rom som har stått tomme under tidlegare eksamensperiodar som dykk skulle ønskje var opna til studentar?

SR-Sak 37/23 - Opptak

Tidlegare i semesteret fekk FTV-ane gjennomslag på ei fremming av opptak på leiargruppemøte (LG). Det blei sendt ut ein e-post til alle undervisningstilsette ved IE den 13.10 med ei oppfordring om å ta opptak i emnar der det ikkje blei brukt nye undervisningsmetodar. Denne e-posten blei også publisert på innsida, ref. «[Et ønske til undervisere](#)». Spurnaden vår til dykk er:

- Har dykk opplevd at fleire forelesarar har teke i bruk opptak?
- Har diskursen rundt opptak auka blant studentar eller tilsette i dykkar oppleving?
- Er det behov for eit meir tydeleg/styrande vedtak framover som kan tre i kraft neste semester?

SR-sak 38/23 - Rapport om KI

Den 18. Oktober presenterte ei arbeidsgruppe på vegne av IE-fakultetet ein rapport om kunstig intelligens (KI). Denne rapporten har blitt tatt opp og diskutert i fleire forum, og det har ut frå denne vorte laga nokre retningslinjer for bruken av KI. På studentrådsmøtet vert det presentert nokre av desse retningslinjene, samtidig som me spør dykk;

- Korleis bør emnar ta i bruk KI, om i det heile tatt?
- På kva måte er det rettferdig at du er kravd å gjere greie for bruken av KI?
- Er reglane på NTNU om KI kommunisert godt nok til studentane? Viss ikkje; korleis kan dei gjere det betre?

OR-Sak 39/23 - Erfaringsoverføring

Fleire av dei instituttillitsvalde trer av etter dette semesteret og nye tek deira plass.

Det minnest om at ei god erfaringsoverføring er viktig for å ivareta kontinuiteten i studentrådet. Alle det gjeld skal skrive vidare på erfaringsskrivet og sende det til konsulent Kristin før eksamensperioden, 26. November.

Dei nye tillitsvalde oppfordrast til å ta kontakt både med tidlegare og sitjande ITV, samt oss FTV-ar med spurnader om rolla.

Eventuelt og møtekritikk

*Sjå vedlegg

Har du nokre spurnadar eller sakar du ønskjer å ta opp på møtet, send dei inn til oss på vår mail ie-ftv@studentrad.ntnu.no.

Det er obligatorisk oppmøte, gje derfor beskjed til konsulenten om du ikke kan kome,
og send med eventuelle innspel.

Hilsen FTV-ane ved IE

Magnus Dag Oseid, Didrik Nohre Lønvik, Helene Randem Lunde, Odd Arne Fosse